



Per i bussen for nokre år sidan, saman med Silje Soldal

Per Myklebust frå Uskedalen, som bur i Omvikdalen, er eldste arbeidstakaren til Kvinnherad kommune. I februar fyller han 70. Han vart tilsett som sjåfør på bokbussen for 5 år sidan etter å ha vore mange år i Rosendal samfunnshus. Frå måndag til torsdag vitjar han bygdene frå Utåker til Ølve. Bussen er det mest spreidde tilbodet som kommunen har.

Myklebust er viljug til å halda fram i kommunen også etterat han har runda milepelen og kommunen har akseptert det.

Han seier til Kvinnheringen at han ikkje berre kan gå heime og trø. Han trivs godt med jobben på bussen som har vore på vegen sidan 1993. Per held gjerne ut med gamlebussen til det kjem ein ny.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen